

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 19/2011**

2011/EØS/37/13

av 1. april 2011

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XX til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 126/2010 av 10. november 2010⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2009/300/EF av 12. mars 2009 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fjernsyn⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Vedtak 2009/300/EF opphevar kommisjonsvedtak 2002/255/EF⁽³⁾, som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XX til avtala skal nr. 2j (kommisjonsvedtak 2002/255/EF) lyde:

”**32009 D 0300:** Kommisjonsvedtak 2009/300/EF av 12. mars 2009 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fjernsyn (EUT L 82 av 28.3.2009, s. 3).”

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2009/300/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 2. april 2011, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 1. april 2011.

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Fungerande formann

⁽¹⁾ TEU L 58 av 3.3.2011, s. 84, og EØS-tillegget til TEU nr. 12 av 3.3.2011, s. 29.

⁽²⁾ TEU L 82 av 28.3.2009, s. 3.

⁽³⁾ TEF L 87 av 4.4.2002, s. 53.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.